

Hægebostad kommune

Særutskrift

Landbruks-og matdepartementet

PB 8007 , Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:
06/00291-3

Sakshandsamar:
Ingrid Eriksen

Arkivkode:
V50 &13


Dato:
08.05.2006

Særutskrift: Høyring av forslag til endring av lov 15.06.01 nr. 75 om veterinærer og anna dyrehelsepersonell

Vedlagt følger utskrift av sak 105/06 i Formannskapet den 02.05.06.

Med helsing

Ingrid Eriksen
rådgjevar



Høyring av forslag til endring av lov 15.06.01 nr. 75 om veterinærer og anna dyrehelsepersonell

Saksnr	Utval	Møtedato
105/06	Formannskapet	02.05.06

Rådmannen si innstilling:

Formannskapet stiller seg negative til at ansvaret for tilfredstillande veterinærdekning skal overførast frå staten til kommunane – slik det er foreslått i høyringa. Dersom forslaget likevel går igjennom må følgjande avklarast før kommunane tek over ansvaret:

- Økonomisk kompensasjon til kommunane må vere klar.
- Det må vere tydeleg definert kva som er ”tilfredstillande veterinærdekning” – både i ordinær arbeidstid og i vaktordninga.
- Reformen må konsekvensutredast.
- Deltakelse i veterinærvaktordninga utanom ordinær arbeidstid må vere lovpålagt.

Handsaming i Formannskapet - 02.05.2006:

Innstillinga frå rådmannen blei samrøystes vedtatt.

Vedtak i/ Formannskapet - 02.05.2006:

Formannskapet stiller seg negative til at ansvaret for tilfredstillande veterinærdekning skal overførast frå staten til kommunane – slik det er foreslått i høyringa. Dersom forslaget likevel går igjennom må følgjande avklarast før kommunane tek over ansvaret:

- Økonomisk kompensasjon til kommunane må vere klar.
- Det må vere tydeleg definert kva som er ”tilfredstillande veterinærdekning” – både i ordinær arbeidstid og i vaktordninga.
- Reformen må konsekvensutredast.
- Deltakelse i veterinærvaktordninga utanom ordinær arbeidstid må vere lovpålagt.

Samandrag:

Landbruksdepartementet har sendt ut forslag om endring av lov av 15. juni om dyrehelsepersonell om veterinærer og anna dyrehelsepersonell på høyring. Forslaget

inneber at ansvaret for å ha ein tilfredstillande vetrinærdekning både i vanleg arbeidstid – men og på helge- natte- og feriebasus vert lagt til kommunane. Til no har dette vore eit statleg overordna ansvar. Kva økonomiske rammar som følgjer med er ikkje klart.

Bakgrunn:

Saksdokument:

- | | | | | |
|---|---|------------|---|--------------------------------|
| 1 | I | 15.02.2006 | Høyring av forslag til endring av lov 15.06.01 nr. 75 om veterinærer og anna dyrehelsepersonell | Landbruks- og Matdepartementet |
| 2 | S | 21.04.2006 | Høyring av forslag til endring av lov 15.06.01 nr. 75 om veterinærer og anna dyrehelsepersonell | |

Vedlegg/øvrige dokumenter:

Vurdering:

I samband med at det økonomiske grunnlaget for klinisk veterinærteneste er svekka i delar av Norge – vart det i mars 2004 satt ned eit utvalg (Sagelvmo-utvalget) som skulle sjå på korleis veterinærbehovet best kunne dekkast ved hjelp av økonomiske verkemidlar.

Sagelvmo-utvalget kom fram til følgjande hovudpunkter:

- Ansvar for å syte for ein tilfredstillande klinisk veterinærdekning bør overførast til kommunane
- Det samme gjeld ansvaret for å sørge for at det er tilfredstillande dekning også i helger, netter og ferier – kalla veterinærvakt-ordninga
- Dyrevern og smittsomme sjukdommer vil fortsatt ligge til mattilsynet

Landbruksdepartementet (LD) legg no fram forslag som byggjer på Sagelvmo-utvalgets konklusjonar.

Kommunane får som følge av forslaget ansvaret for:

- Ansvar for tilfredstillande klinisk vetrinærdekning både på dagtid – samt helg og natt – kalla veterinærvaktordninga.
- Kommunane kan sjølv definere kva som er tilfredstillande veterinærdekning – ut frå kommunens egne forhold.
- Kommunane får stor økonomisk frihet i korleis dei vil bruke midlane som vert overført i samband nyordninga mhp på tiltak som er nødvendige for å få ei tilfredstillande vetrinærdekning.
- Når det gjeld vaktordninga på netter og i helgane skal LD bestemme satsane – medan veterinærane no kan nekte å delta i ordninga.

Kva økonomiske rammer som følgjer med er enno uklart. Dei økonomiske rammene vil bli lagt fram i kommuneøkonomi-proposisjonen som vert lagt fram i mai 2006. Sagelvmo-utvalget fann ut at kommunane då brukte ein stad mellom 5-10 millionar på frivillig basis for å halde tilfredstillande veterinærdekning. Det vert signalisert at det vil bli gitt "ein viss økonomisk styrking ut over de midlene som allerede brukes av kommunen på frivillig basis".

Ellers mener LD at det er nødvendig med ein moderat økning av satsane til vaktordninga.

Konklusjon:

Det vert opp til kvar enkelt kommune å ta stilling til kva som er tilfredstillande veterinærdekning. Forslaget medfører at mange kommunar må samarbeide for å få tilfredstillande veterinærdekning– og må dermed og ha ein felles definisjon av kva som er ”tilfredstillande veterinærdekning”. Ein ser heilt klart at det vil kunne medføre problem rundt om i landet – spesielt pga varierende økonomisk situasjon mellom kommunane.

Det er og slik at kommunane skal syte til tilfredstillande veterinærdekkning utanom ordinær arbeidstid – samtidig som veterinærane sjølv bestemmer om dei vil delta i ordninga – og staten bestemmer satsane for veterinærdekkninga. Det seier seg sjølv at med ei slik rollefordeling vil kommunane kunne få store utfordringar dersom satsane ikkje er fristande nok.

Det er og svært vanskeleg å ta stilling til saka – så lenge ein ikkje kjenner dei økonomiske konsekvensane. Det er nødvendig for kommunane at ordninga vert fullfinansiert for at ein skal kunne makte oppgåvene. Hægebostad kommune har i fleire år bidratt økonomisk med 45 000 årleg for å halde ei kommunal veterinærstilling i Åseral - med omsyn på å få tilfredstillande veterinærdekning i helger, feriar og på nattestid. I den seinare tid har kommunen og vore nøydte til å bidra med økonomisk støtte for å få etablert ny veterinærpraksis i kommunen av di det vert fjerna 0,5 stilling lagt til Mattilsynet frå den tidlegare veterinærpraksisen. Det er allereie tydeleg i dag at kva som er tilfredstillande veterinærdekning ikkje er oppfatta likt av kommunane og staten – og slik kan det fort bli i framtida og – når det gjeld økonomisk kompensasjon for overføring av ansvaret for tilfredstillande veterinærdekning.